

## ÅRSMELDING 2011 VALLDAL IDRETTSLAG

### Styret 2011 -

Einar Hoel	leiar
Lars Bjarne Sandnes	nestleiar
Arvid Frostad	kasserar
Karianne Vestre Døving	skrivar
Yvonne Dale	styremedlem, ansvarleg klubbhus
Ellisiv Valdal Jarvik	leiar fotball gruppa
Magne Eivind Glomnes	leiar friidrettsgruppa
Kristi Linge Stakkestad	leiar langrennsgruppa
Liv Marit Indreeide	leiar trimgruppa
Inge Sunde	1. varamedlem
Torkjell Bjørstad	2. varamedlem

### Styrearbeid -

Det har vore gjennomført 7 styremøter sidan siste årsmøte. Det har vore godt oppmøte til styremøta og styret har stort sett vore fulltalig. Samarbeidet i styret er godt.

### Medlemstal –

For 2011 er det registrert 321 betalende medlemmar

### Representasjon –

Yvonne Dale er Valldal IL sin representant i Norddal Idrettsråd.

Einar Hoel har møtt i styret for Valldal Samfunnshus.

Einar Hoel har delteke på anleggsmøte i Møre og Romsdal Idrettskrets/Møre og Romsdal Fylke

Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune

### Arbeid gjennom året –

Arbeidsåret starta i samarbeid med Møre og Romsdal Idrettskrets med gjennomføring av "startmøte". Dette vart gjennomført for å avdekke områder som det er nødvendig å arbeide med.

Prioriterte områder ein kom fram til var organisering, kommunikasjon, rekruttering og anlegg. Det er arbeidd med skape ein "vi-følelse" med m.a. gjennom gjensidig informasjon og oppstramming av organisering. Nettsida til Valldal IL er reetablert og det er gjennomført ein slagord-/visjonkonkurranse som enda med "vi kan-vi VIL" etter forslag frå Ragnhild Hoel. Rekruttering ligg i mest i den enkelte gruppe. Frå september til mars var det idrettskule på samfunnshuset. Det vart gjennomført sandvolleyballskule med god oppslutning.

På anleggsida er det utarbeidd framlegg om rehabilitering av kjøkken og delar av hovudetasje på klubbhuset. Det er gjennomført mindre dugnadsarbeid på Valldal stadion. Storfjord Helsecenter vert plassert på område der det har vore sandvolleyballbaner. Styret har bestemt å ta initiativ overfor Norddal kommune for å få dette erstatta med område på rådhusmarka.

Valldal Idrettslag er på Mobiletur som er eit samarbeid med Norges Idrettsforbund og Telenor. Aksjonen vert avslutta i mai 2012.

Sparebanken Møre har tildelt laget hjartestartar som skal utplasserast på klubbhuset.

Tilsette –

Det er tilsett reinhaldar på klubbhuset. Arbeid vert utført i samsvar med instruks. Det er avtale med vaktmester på klubbhuset for å utføre førefallande arbeid.

Rekneskap vert ført ved Norddal Rekneskapskontor AS. Anna arbeid er basert på frivillig innsats.

Arrangement

Det vart arrangert marknad i april med god oppslutning. Marknadsnemnda var ansvarleg for dette Mefjellet opp vart gjennomført i juli med i alt 212 startande. Det er stadig aukande oppslutning. I 2012 er løpet eit av 7 arrangement som inngår i Norges Friidrettsforbund sin motbakkecup, NECON-cup.

Valldal IL var i april medhjelpar på aktivitetsdag på Samfunnshuset for personar med nedsett funksjonsevne

Økonomi –

Økonomien i laget er god. 2011 hadde alle grupper overskot, og totalt hadde laget eit positivt resultat på om lag kr 181.000. Samla står det om lag kr 870.000 "på bok" .

I 2011 er det gjort mykje godt arbeid i Valldal Idrettslag. Styret vil difor takke den enkelte som på ulike måtar har stilt opp for laget.

Valldal 15.4.2012

Einar Hoel      Lars Bjarne Sandnes      Arvid Frostad      Yvonne Dale      Karianne Vestre Døving

Ellisiv Valdal Jarvik      Magne Eivind Glomnes      Kristi Linge Stakkestad      Liv Marit Indreeide

## Årsmelding Valldal IL, fotballgruppa

Årsmøte 16.04.12

### **Styret har vore slik samansett:**

Ellisiv Valdal Jarvik (leiar)

Anders Rem (Nestleiar)

Svein Magne Jemtegård (kasserar)

Monika Lingås (sekretær)

Knut Ove Myklebust (styremedlem)

Vara: Hege Bjørstad og Tone Swampillai

Oppgåvene har vore fordelte slik: Anders har vore ansvarleg for bane/anlegg. Monika har vore materialforvaltar. Knut Ove har hatt ansvar for kiosken. Svein Magne trakk seg frå styre i januar pga stort arbeidspress etter orkanen i jula. Hege har kome inn i styret etter dette.

Vi har hatt ni styremøter i løpet av året i tillegg til ein god del kontakt på e-post og telefon.

I sesongen 2011 hadde vi i utgangspunktet ti lag påmelde i serien, men måtte trekke det eine fordi for mange av spelarane slutta. For å motverke dette måtte alle i forkant av sesongen melde seg på at dei skulle vere med på fotball i 2012.

I tillegg til at laga har spelt i serien, har dei også vore med på ein eller fleire cupar. Nytt av året er tilbodet om keepertrening som starta etter nyttår.

For å få pengar i kassa har dette vore gjort:

- Sal av sparekort
- Sal av annonser i programbladet som kom ut til sesongstart
- 10 vakter på Kulå då Vassendgutane spelte til dans
- Sal av adventskalender (skrapekalender)
- Kiosksal ved kvar heimekamp

Vi kjøper i desse dagar inn ny grasklippar til bana. Det er innkjøpt to 5-ar mål.

Vi har søkt på støtte til div. føremål og fått dette tildelt:

- 50 000,- frå Sparebanken Møre til aktivitetsutstyr og grasklippar
- 13 500,- frå Tafjord til å kjøpe to 5-ar mål
- Spelemidlar til støtte for fotballmål ca. 7 500,-
- To draktsett frå Sparebanken Møre
- To draktsett frå Tafjord
- 30 drakter frå Gjensidige

Vi har inngått klubbavtale med Intersport Rognve (Moa og Ålesund sentrum) som gir oss gode rabattar ved kjøp av utstyr (t.d. 30 % avslag på dei ca. 80 overtrekksdressane som medlemmar kjøpte

seg). «Medlemmar» i fotballgruppa får 20 % avslag ved kjøp av fotballutstyr i butikkane deira. Klubben sparer seg opp bonus slik at vi ein gong i året får ta ut dette i utstyr til ein verdi av 10 000,-

Det er også inngått ein avtale med G-sport på Stranda. Her får alle «medlemmar» 20% rabatt ved kjøp av fotballutstyr.

Det har blitt jobba for å ta oppatt den gamle tradisjonen med Valldalscup. Det blir ein miniversjon 25. august for årsklassene G12, G13 og J14.

Spørsmålet om kunstgrasbane skal opp som sak på hovudlaget sitt årsmøte 23. april.

Valldal, 15.04.12.

Ellisiv Valdal Jarvik

leiar i fotballgruppa, Valldal IL

## ÅRSMELDING 2011 FRIIDRETTSGRUPPA VALLDAL IL

Styret i friidrettsgruppa har siste året hatt følgjande samansetjing:

Magne Eivind Glomnes, leiar

Heidi Erstad Hoel, nestleiar

Kenneth Hovden, kasserar

Torgeir Sunde, styremedlem

Mette Hovden og Linda Løvdøen har vore varamedlemar.

Det har vore 1 felles styremøte med Liabygda og Stordal der friidrettscup og treningar har vore diskutert, og eitt formelt styremøte med to saker i friidrettsgruppa. I tillegg har det vore kontakt mellom styremedlemene i høve arrangement sommar og haust utan at styret har hatt formelle møter. Dei lokale arrangementa som er arrangert i Valldal er Valldal/Liabygda cup og Jordbærdilten. Friidrettsgruppa ved leiaren har elles vore representert i komiteen som har ansvaret for Mefjellet opp.

### **Arrangement:**

#### **Valldal/Liabygda cup:**

I 2011 samarbeidde vi med Liabygda IL og Stordal IL om friidrettscup. 6 cupar totalt; 2 i Valldal, 2 i Liabygda og 2 i Stordal. Samanlagt premie for 3 startar totalt. Det har vore bra oppslutning på heimebane, og 20 frå Valldal som fekk premie for deltaking i 3 cupar. Dette er betre enn dei to foregåande åra. Det vart ei enkel avslutning på klubbhuset i september med premieutdeling.

**Grendastafetten** vart avlyst i 2010 etter at det har blitt vanskelegare for kvart år for mange krinsar å stille lag. Styret konkluderte også i 2011 med at det er vanskeleg å gjennomføre grendastafetten etter same mal som tidlegare.

#### **Jordbærdilten:**

Friidrettsgruppa arrangerte jordbærdilten også i år i samband med olsok. Det vart også i fjor delt ut T-skjorter med Jordbærdilten påtrykt og logoane til Norddal kommune og Valldal grønt som sponsorar. Valldal Grønt leverte jordbær og jordbær vart delt ut til alle deltakarane som tidlegare. I tillegg var det svært mange som bidrog med premiar til arrangementet. Jordbærdilten hadde i 2011 om lag same oppslutnad som året før med 300 deltakarar. I konkurranseklassen stilte 51 løparar. Premieutdelinga i trimklassen vart føreteke rett etter målgang. Det vart hengd opp plakat med vinnarnummera slik at alle kunne sjekke dette etter kvart. Premieutdeling i konkurranseklassa var samtidig med premieutdeling på rulleskistafetten.

## **Norrdalstafetten**

I 2011 var det vår tur å arrangere Norrdalstafetten. Denne vart gjennomført 28. august med svært god deltaking både frå egne lag og Norrdal og Eidsdal. Herrane og damene til Valldal fekk kvar sine napp i pokalen.

## **Trening og aktivitet:**

Det vart i fjor forsøkt ein felles oversikt over treningar og cupar. Cupane fungerte bra, men dårleg oppmøte på treningane særleg frå Valldal.

Når det gjeld deltaking utanfor lokalområdet har det vore labert også i 2011, men noko deltaking i motbakkeløp har det likevel vore.

## **Økonomi:**

Økonomisk vart det i 2011 eit resultat heilt i ballanse. Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2012.

Valldal 17. april 2012

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Heidi E. Hoel, Torgeir Sunde, Kenneth Hovden



Årsmelding VIL Langrenn  
januar 2011 – mars 2012

## 1. Innleiing

Skisesongen 2011/2012 er over. Deltakinga i lokale renn og arrangement er god, men på krets nivå og høgare er oppslutninga frå Valldal ikkje så stor. Gledeleg er det at vi har stor breidde og bruk av lysløypa gjennom den gode oppslutninga om skikafeen kvar torsdag i vintersesongen.

## 2. Organisering

### Styret:

Kristi Linge Stakkestad – leiar  
Aksel Indreeide – nestleiar  
Magnhild Grønningsæter – kasserar  
Magne Hoel – styremedlem  
Turid E. Løvoll – styremedlem

Mette Hovden – 1. varamedlem  
Per Jomar Nerli – 2. varamedlem

Alf Hoel har fungert som oppmann (ikkje medlem av styret).

### Undergrupper:

#### Trakkemaskin

Geir Myklebust – koordinator fram til 03.02.2012  
Magne Hoel – koordinator frå 03.02.2012  
Fridjon Døving  
Jostein Gjerde  
Terje Hoel

#### Økonomi- / premienemnd

Magnhild Grønningsæter  
Mette Hovden  
Turid E. Løvoll

#### Treningsnemnd

Jan Ole Fuglem  
Marian Myklebust Sunde  
Alf Hoel

### **Tilsynsgruppe lysløype**

Magne Hoel  
Kjell Vad  
Terje Nerhus

### **Programbladnemnd**

Per Jomar Nerli  
Turid E. Løvoll  
Aud Lindis Ødegaard

### **Representasjon**

Magne Hoel og Aksel Indreeide var utsendingar til kretstinget for Møre og Romsdal skikrets i mai 2011.

## **3. Økonomi**

<b>Hovudtal</b>	<b>2006/2007</b>	<b>2007/2008</b>	<b>2008/2009</b>	<b>2009/2010</b>	<b>2011</b>
Inntekter	350 053	344 134	401 548	382 565	470 341
Utgifter	318 840	345 870	425 236	304 562	418 601

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 159 772 (31.12.11).

I tillegg har langrennsgruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Gruppa/hovudlaget har gjeld på ca kr 50 000 i samband med kjøp av trakkemaskin.

#### **Viktige inntektskjelder:**

- Olsokarrangement m/SKRUK-konsert
- Sponsorar
  - H.L. Muri AS
  - Sparebanken Møre
  - Gjensidige Indre Sunnmøre Branntrygdslag (fram til 30.09.2012)
- Programhefte (annonsesal)
- Inntekter på arrangement: matsal, startkontingent
- Sal av julenek

#### **Dei største utgiftspostane:**

- Drift av utstyr og anlegg
- Reisekostnadar
- Startkontingentar
- Premiar

#### **Elektronisk tidtakingssystem**

Etter innspel frå langrennsgruppa gjekk VIL hovudlaget til innkjøp av Emit tidtakingssystem i januar 2012. Dette var eit "spleiselag" mellom langrenn, friidrett og hovudlaget, og systemet er planlagt brukt på skirenn, Jordbærdilten og Mefjellet Opp. Kostnaden for utstyret inkludert

100 deltakarbrickar var om lag kr 100 000, og det er søkt til nokre instansar og skal søkast til fleire om støtte til innkjøpet.

### **Olsok**

Styret i langrennsgruppa vedtok i desember 2011 å tilby hovudlaget å overta ansvaret for olsokarrangementet for ein prøveperiode på to år. Føresetnaden er at ein kjem fram til ei god og rimeleg fordeling av arbeid og økonomi, slik at langrennsgruppa kan halde fram med eit aktivitetsnivå om lag som i dag.

## **4. Aktivitet**

### **Trening**

Treningsopplegget har vore ganske likt det som har vore nytta dei siste åra. På vinteren har det vore tre treningar for veka, ei i klassisk for 10 år og eldre, ei fristil for 10 år og eldre og skileik for 6-10-åringar. Einar Hoel koordinerte treningane i 2011. Treningsnemnda hadde ansvar for treningsoppsettet i 2012.

Det var ikkje organisert barmarkstrening for barn i regi av VIL i 2011, og heller ikkje samarbeid med naboklubbane om fellestreningar. Dette håper vi at vi kan få til i 2012.

Innetrening på samfunnshuset og den uorganiserte barmarkstreninga (tysdagar i lysløypa) tok til i september.

### **Kretslag**

Valldal IL hadde i 2011 tre løparar på kretslaget. Det var Trond Marius Vad, Anne Kristin Hoel og Lars Anders Hoel. For sesongen 2011-2012 var det berre Trond Marius som var med. Dette laget ser ut til å fungere bra. Dei er elevar ved Stranda skigymnas, som har eit nært samarbeid med kretslaget.

### **Storfjordlangrenn**

Vi hadde i 2011-2012 med ein løpar i Storfjordlangrenn, Iver Matias Linge Glomnes.

### **Team Aker Solutions**

Hans Martin Gjedrem har vore tilknytt dette laget sesongen 2011-2012.

### **Materiell**

Langrennsgruppa disponerer 20 par skøyteski i lengder frå 145 til 170 cm til utlån. Skia er tenkt til aldersgruppa 8-12 år. Vi har og seks par rulleski til utlån.

Gruppa har avtale med Noregs skiskyttarforbund om leige av tre rekruttvåpen. Desse har vore lite brukt i seinare tid.

### **Arrangement – skirenn**

Valldal IL arrangerte 26.03.11 og 25.03.12 **Sparebanken Møre cup i duatlon**, begge gongar med om lag 130 deltakarar. I 2012 var dette det 6. og avsluttande rennet i cupen, med påfylgjande utdeling av samanlagtpremiering på samfunnhuset. I duatlon er begge stilartar representert, klassisk først med påfølgjande skibyte, og så avsluttar ein med friteknikk. Begge gongane har vi fått skryt for eit godt arrangement, og det i tillegg til at kretsen i fleire år på rad har lagt dette rennet til Valldal tek vi som ein honnør til det gode arbeidet som blir lagt ned.

Laurdag 15. januar 2011 og søndag 29. januar 2012 var det **sonerenn** i Valldal. Sonerenna omfattar Stordal, Liabygda og bygdene i Norddal kommune. Renna vart begge gongane arrangert som skikross, der mange utfordringar som til dømes orgeltramp, portar, slalom, hopp og labyrint vart lagt inn i løypa. Ei spennande og anna form for skirenn for deltakarane. 90-100 deltakarar, hovudsakleg barn og ungdom, stilte til start begge åra, og renna har vore vellukka med mange positive tilbakemeldingar.

**Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen** er eit samarbeid mellom Valldal, Liabygda og Stordal. Seks renn vart arrangert både i 2011 og 2012, tre i Valldal og tre i Liabygda fordelt utover vinteren frå januar til mars. I 2011 var det 25 og i 2012 var det 41 deltakarar som gjekk minst fire av renna slik at dei gjorde seg fortent til samanlagtpremie. Premiar frå Telenor blei utdelt ved deltaking i minst to renn og det var det også mange som oppnådde.

**Valldalsmeisterskapen** gjekk i 2011 i fristil søndag 3. april. Dei siste åra har det vore tradisjon for å leggje VM til skjærtorsdag, men sidan påska kom svært seint i fjor valde vi å gjennomføre rennet tidlegare. Dette gjorde at vi fekk færre gjesteløparar enn dei seinare åra. I 2012 blei VM lagt til palmesøndag 1. april. På grunn av ein mild mars månad såg det ei stund ut for at rennet måtte flyttast til Grønningsæter, men snøfall og låge temperaturar siste døgn berga løypene på Omenås. 95 deltakarar kjempa seg gjennom snøvær og problematiske smøreforhold i klassisk stil.

Dei klart største klassane i VM er barn under 8 år og herrar senior.

### **Skikafe**

Både i 2011 og i 2012 har det vore skikafe kvar torsdag frå nyttår og fram til påske. Dette er eit positivt tiltak med svært god oppslutning! Det er mange som nyttar denne kvelden til ein skitur og ein prat over kakao- eller kaffikoppen etterpå. Det er eit godt system for arbeidsfordeling, så kafeane går om lag "av seg sjølv".

### **Vintertrim**

Både i 2011 og i 2012 vart det som tidlegare år sett ut fire vintertrimpostar; Alstadsætra, Høgshaugen Gjerde, Klovset og lysløypa. Postane stod ute til april, og premiar vart trekt mellom dei som hadde besøkt postane.

### **Skiskytingens dag**

Dette har ikkje vore markert dei to siste åra.

## **Marknad**

Sesongane vart avslutta med marknad på samfunnshuset der langrennsgruppa har sine oppgåver. Det var også premiering av Valldal-Liabygda cup og utdeling av uttrekkspremiar for vintertrimmen.

## **Sommararrangement**

Valldal IL (hovudlaget) arrangerte **Mefjellet opp** søndag 24. juli med god deltaking.

Helga etter var det **Olsok** i Valldal. Ein tradisjon som har vart i 20 år. Også innhaldet er tradisjonelt, med rømmegraut, grillmat, vaflar og jordbær, Jordbærdilten, rulleskistafett og underhaldning. For tradisjonelt meiner ein del, men publikum møter opp att kvart år, nok til å gje langrennsgruppa eit bra overskot på arrangementet. Nytt av året var at vi var arrangør for ein konsert med SKRUK i Sylte kyrkje fredag kveld. Heile 270 personar møtte opp og fekk ei fin oppleving - og gav oss eit lite overskot i kassa.

## **Stordalshelga**

Fire løparar frå VIL deltok på barmarkssamlinga for 10-16-åringar i Stordal i oktober. Neste gong håper vi det blir endå fleire!

## **5. Prestasjonar – resultat**

Valldal IL har dei siste åra vore representert på mange ulike nivå innan vinteridrett. Frå Europa-cup i skiskyting til Valldalsmeisterskapen i langrenn.

Hans Martin Gjedrem har stilt til start i skiskyting både her heime og ute i Europa.

For sesongane 2010-11 og 2011-2012 deltok Trond Marius Vad, Lars Anders Hoel, Anne Kristin Hoel og Iver Matias Linge Glomnes både på krets nivå og i regionale og nasjonale meisterskap og cupar.

Mange små og store løparar har stilt til start på sonerenn, i Valldal Liabygda-cup og på VM.

Ein gjeng damer frå VIL har dei to siste åra hatt ei god oppleving etter å ha delteke i det store jenteskirennnet Ingalåmi på Lillehammer først i mars.

Mellom mange tusen deltakarar i Birkebeinarrennet fann vi ein minibusslast frå Valldal både i 2011 og i 2012. Ambisjonane er ulike, men alle er nok godt nøgd når dei 54 kilometerane er unnagjort.

## **6. Avslutning**

Mange har hatt gode treningsøker og fine opplevingar i lysløypa i vinter. Sjølv om vi ikkje har så mange deltakarar i renn på krets nivå og høgare, så har vi god breidde av små og store som brukar løypene i vinterhalvåret. Det er flott at så mange er i fysisk aktivitet og finn glede i å gå på ski.

Vi ser også fleire unge lovande løparar som kan gå føre og få oss opp til "gamle høgder" igjen, og vi håper og ønskjer at skisport i Valldal også i tida som kjem vil stå sterkt.

**Heilt til slutt vil vi rette ein stor takk til alle som har hjelpt og støtta oss på ulike måtar det siste året. Utan innsatsen dykkar hadde det ikkje gått!  
Dette gjer at vi framleis har ei sterk og livskraftig langrennsgruppe i Valldal IL som kan gjennomføre små og store arrangement.**

Valldal IL, langrenn, april 2012

Styret

Kristi Linge Stakkestad

Aksel Indreeide

Magnhild Grønningsæter

Magne Hoel

Turid E. Løvoll

## Årsmelding Trimgruppa Valldal IL 2011

Styre for 2011 var sett saman slik:

Leiar: Liv Marit Indreeide (siste av 2 år)

Nestleiar: Dagrun Rem (første av 2 år)

Skrivar: Kristin Hjelme (siste av 2 år)

Kasserar: Lillian Hoel (første av 2 år)

Styremedlem: Lena Solberg (siste av 2 år)

Varamedlemmar: Nelly Ytterli (for 1 år)

Svein Ove Døving (for 1 år)

Valnemd: Kristin Kjerstad Håseth (1 år igjen)

Kjell Hoel (for 2 år)

Linda Myren (for 2 år)

Repr. til hovedstyret: Liv Marit Indreeide

Repr. til Jordmormarsjen: Lena Solberg

Nelly Ytterli

Det har vore fleire styremøte gjennom året. Ulike saker har vorte handsama. I tillegg har det vore ein del kontakt styret imellom gjennom bl.a. telefon og e-post.

### **Aktivitetar gjennom året:**

#### **Vaskedugnad klubbhuset 07.05.11**

Trimgruppa stilte med 2 personar i samband med nedvask av klubbhuset.

#### **”Utedugnad” klubbhuset 14.05.11**

Trimgruppa stilt på med 1 person i samband med dugnaden ute.

#### **Sykkletrim 15.05.12**

Av ulike årsaker vart sykkeltrimmen arrangert litt seinare enn normalt dette året – rettare sagt 15. mai. Til tross for at Trollstigen vart opna nokre dagar før, gjekk sjølv avviklinga av sykkeltrimmen fint – ingen dramatiske trafikksituasjonar oppsto det vi veit. Det var fint vår denne dagen, og mange var med å sykla (om lag 150 stk.). Som vanleg var det sal av vaflar, pølser, is, kaffi, saft og brus inne på klubbhuset. Ute var det laga til hinderløype for ungane. Som hovudpremie hadde vi ein Fuji sykkel, samt gåvekort og ein del småpremiar. Morten Krågebakk demonstrerte stell og bruk av sykkel.

#### **Vekas tur 24.06.11**

Trimgruppa var ansvarleg for éin vekas tur i 2011. Turen gjekk til Vardefjellet.

## **Jordmormarsjen**

Valldal IL v/trimgruppa sat i styret saman med Eidsdal/Norrdal Røde Kors, Eidsdal Helselag, Eidsdal Idrettslag og Norrdal Idrettslag. Valldal IL hadde ansvar for tre frukt- og drikkestasjonar (Onilsavatnet, Tafjord Friluftsbad og Skjeggghammaren), samt hjelpe til med sal av div. nede i Muldalsvika sjølve marsjdagen. Der har vore ein rekkje møter i førekant av Jordmormarsjen.

## **Julerunden 28.12.11**

Grunna mykje anna som føregjekk same dagen, var det dårleg oppmøte. Fint vær. Sal av faklar, kaffi, vaflar, gløgg og saft inne på klubbhuset etter marsjen. Trekkinga av div. småpremiar.

## **Marknad 14.04.12**

Trimgruppa fekk i oppdrag å stå for lynlotteri denne gongen. Her stilte vi med 3 personar, i tillegg 1 person som hjalp til i førekant av marknaden, og 2 personar til opprydding etter marknaden.

## **Trimpostane 2011**

Vi følte tida var inne for å gjere noko nytt. Vi valde ut 12 fine turmål i nærområdet. Turmåla gav ulik poensum (1, 3 eller 5 poeng) utifrå tidsbruk og vanskegrad. Vi skifta ut dei fillete turbøkene som låg ute med nye solide bøker med tjukke permar. I tillegg hang vi opp nye solide, vasstette turkasser på alle postane. Tanken vår var at bøkene skulle kunne liggje ute heile året. Kvar bok/trimpost var utstyrt med ein unik kode. Vi fekk trykt opp turkort som vi selde på MiniRimi og Spar. På turkorta var alle turmåla lista opp med plass til å føre på dato og kode. Då var det berre å begynne å sanke poeng. Premiering utifrå antal turar, poeng, samt uttrekkspremiar blant alle som deltok.

Mange positive tilbakemeldingar! Godt sal av turkorta.

Storfjordnytt fekk jobben med å utforme flygeblad og turkort. Dei trykte opp turkorta, medan flygeblada kopierte vi sjølve.

Distribusjon av flygeblad med kart og omtale av dei ulike turane gjorde vi på dugnad.

Dei nye, flotte turkassene fekk vi med Verdsarvstiftinga.

## **Møter i hovudstyret, Valldal IL**

Leiar i trimgruppa har delteke på nesten alle møter i hovudstyret.

Trimgruppa sine faste arrangement har vore greitt gjennomførte. Sidan trimgruppa ikkje har noko medlemsmasse å ta av, fell det meste av arbeidet på styret. Det er likevel mogleg for styret å ta initiativ til andre arrangement, t.d. i samarbeid med andre lag.

Styret vil takke alle som har hjelpt til og støtta oss i 2011.

Vel møtt til trim i 2012!

Valldal, 19.04.12

Trimgruppa i VIL, styret

Liv Marit Indreeide

Dagrun Rem

Kristin V. Hjelme

Lena Solberg

Lillian Hoel